

Til
Rådmann Gunnar Lien,
Namsos Kommune

Otterøya 03.07.15

Vedrørende brev om etterbruk av bygg ved Otterøy Bo - og velferdssenter.
Ref. 2015/1933-2

Otterøy Kulturforum mottok mars 2015 brev frå rådmannen med forespørsel om å kome med innspel om vidare bruk av tidlegare Otterøy Bo - og velferdssenter. Kulturforum vart bedt om å svare på vegne av frivilligheita på Otterøya.

Otterøy Kulturforum har sidan vi mottok brevet gått breidt ut på Otterøya for å få inn innspel. Vi har valgt å gå ikkje berre til frivillige lag og organisasjonar , men også til den generelle befolkninga. Dette då nedlegginga av Otterøy Bo - og velferdssenter på mange måtar berørte heile befolkninga, samt at det i si tid var folket på Otterøya som var med og samla inn pengar til vidare drift - noko rådmannen også viser til i sitt brev.

Sidan april har vi via flygepost til alle husstandar på Otterøya gått ut med informasjon om forespørsel frå rådmannen, samt bedt om tilbakemeldingar og innspel. Vi har lagt same informasjon ut på www.otterøy.no, facebook sida: Otterøya Bo og trives, samt facebookgruppa: Otterøya. Det er sendt mail med forespørsel til alle lag og organisasjonar. Det er sett ut plakatar på butikk, skule og ved lokale forsamlingshus i tillegg til annonse og reportasje i Namdalsavisa. Frist for innspel var sett til 20.06.15.

Kulturforum arrangerte 03.06.15 ope folkemøte der alle bebuarar på Otterøya, alle andre med interesse for Otterøya samt politikarar i Namsos Kommune vart invitert. Det møtte 90 personar på folkemøtet, der storparten var fastbuande på øya.

Målet med møtet var å få fram tankar om framtidig bruk av bygget samt kva Otterøyfolket elles er opptatt av og ønsker bevart eller utvikla på øya framover.

På folkemøtet vart det lagt opp til korte innlegg i starten frå Svein Asklund - som har engasjert seg i overtaking av bygget via aksjeselskap - samt innlegg ved Siri Andreassen Devik som deltok i aksjonsgruppa for bevaring av Bo og velferdssenteret før nedleggjing.

Dei siste $\frac{3}{4}$ av møtet vart sett av til gruppearbeid i 10 grupper der kvar gruppe til sist munnleg framførte sine innspel i tillegg til å levere skriftleg svar.

Sjå vedlegg - med innspel frå sms - er, mail- er, samtaler og dei skriftlege tilbakemeldingane frå gruppearbeid på Folkemøtet.

Otterøy Kulturforum har etter folkemøtet danna ei arbeidsgruppe som har tatt på seg å summere opp dei innspela som har kome frå otterøyfolket angående spørsmål frå rådmannen. Arbeidsgruppa består av tre av medlemane i Otterøy Kulturforum: Sigrid Mære Aaring, Rita Aglen og Anne Kirsten Ruset.

Arbeidsgruppa har oppsummert innspela som har kome i høve etterbruk av tidlegare Otterøy Bo og velferdssenter slik:

- På folkemøtet var alle gruppene enige om at ei overtaking av bygget via eit aksjeselskap ville vere det mest fornuftige. Det kom fram nokre bekymringer om vidare finansiering av drift. Det har kome innspel ved SMS samt i samtaler der folk har stilt seg positive til forslag om aksjeselskap. Det har ikkje kome inn innspel som er negative til overtaking av bygget ved eit aksjeselskap.
- Nokre hovudbruksområder kjem att frå fleire av gruppene under folkemøtet samt frå innspel sms/mail/samtale.
 - Dagsenter for eldre
 - Frivillighetssentral med matservering/middagssalg
 - Utleie til eldreboliger/ bofelleskap for eldre
 - Utleie til næringsliv (frisør, fotpleie, fysioterapeut, vaktmestertjenester, kursvirksomheit, drosje, næringshage for bedrifter, private omsorgstenester)

- I tillegg forslag om :
 - aktivitet ved frivillige organisasjonar
 - kafe, galleri, souvenir og husflidsutsalg
 - utleie av lagerplass
 - hybelhus for studentar
 - barneheimsinstitusjon
 - trimrom
 - folkehelseheim - med forebyggande helsearbeid
 - rehabiliteringssenter
 - barnehage
 - kombinasjon barnehage og eldresenter
 - turisme - i jakt - og fiskesesong.
 - hjelpemiddelsentral
 - bedriftshelseteneste

- Mange innspel har gått på kombinasjon av ulike aktivitetar og tilbod til befolkninga på øya - eit fleirbrukshus.

Vi er kjent med at interimstyret "Nye Heimen A/S" har arbeidd med å skaffe aksjekapital frå Otterøyfolket samt andre interesserte for å ta over bygget. Med bakgrunn i positive tilbakemeldingar frå folket på Otterøya angående overtaking av bygget via aksjeselskap - ber vi om at framtidige forhandlingar om overtaking og vidare bruk av Otterøy Bo - og velferdssenter skjer via interimstyret " Nye Heimen A/S. Otterøy Kulturforum ber om at det i prosessen når det gjeld etterbruk av bygget blir tatt hensyn til dei ønsker som her kjem fram frå folket på Otterøya.

På vegne av Otterøy Kulturforum

Sigrid Mære Aaring
 Rita Aglen
 Anne Kirsten Ruset

vedlegg 1

